



ÅRSMELDING 2016

1.1. - 31.12.2016

Styret 2016: Eva Almhjell, leiar (2015-2017) og nettansvarleg, Grethe Larsgard Rudningen, nestleiar (2015-2017), styremedlem og nettredaktør Margarethe L'orange (2016-2018), styremedlem Odd Oleivsgard (2015-2017) og styremedlem Maria Søndrål (2016-2018).

Varamedlemmer: Eva Cecilie Sletto (2015-2017), Inger Grostøl (2016-2018), Per Lilleslett (2016-2018).

Valnemnd: Brit Kaupang (2016-2018) og Oddvar Reinton (2015-2017).

Kasserar: Ola Ruud (ikkje med i styret).

Revisor: Borgny Thorsrud og Ragni Skorve (begge 2016-2018).

Talet på styremøter: 4

Medlemstal pr. 31.12.2016: 90.

Medlemsbrev: 2

Aktivitetar

Årsmøtet 2016

vart avvikla 10. april med 18 frammøtte medlemmer. Styre-tilrådde justeringar av vedtekten vart godkjent. Årsmøtet var nøgd med styret sitt arbeid. Hovslagar og skribent, Arne Horge, las frå Per Spegil og viste oss Per-bökene som språkleg skattekiste. Mykje lærerikt! Mat, drikke og lang, triveleg svall avslutta møtet.

Minnetavle i Sletto avduka 19.6.16

I 2016 var det 130 år sidan Olav Sletto vart fødd. Olav Sletto-selskapet markerte dette med ei minnetavle om Olav Sletto på fødestaden Sletto i Hol. Ordførar i Hol, Petter Rukke, opna minnearrangementet sundag 19. juni 2016. Arne Skogheim og Barbro Aasen avduka tavla, og leiar i Olav Sletto-selskapet, Eva Almhjell, var programleiar. Kring 30 folk møtte fram. Rett plakat på rett stad, sa Arne Skogheim og Sletto-eigar Barbro Aasen. Det er også, etter ynskje frå Aasen, sett opp ei skiltplakat i vegakrysset ved Sletto. Hol kommune fullfinansierte minnetavla med kr. 5000.



Arne Skogheim og Barbro Aasen avduka minnetavla i Sletto 19. juni 2016. Eva Almhjell t.v.

Avtale mellom Olav Sletto-selskapet (OSS) og Hol kommune

vart underteikna av Hol-ordførar, Petter Rukke, og Olav Sletto-selskapets leiar, Eva Almhjell, i juni 2016. Avtala formaliserer eit godt samarbeid mellom kommunen og selskapet gjennom mange år og gir OSS mellom anna høve til å digitalisere dokument frå Sletto-arkivet, som Hol kommune eig.



Hol-ordførar Petter Rukke og Eva Almhjell, Olav Sletto-selskapets leiar med underteikna avtale 19. juni 2016.

Holsdagen 30.7.2016 - marknad

Som i 2015, var Olav Sletto-selskapet med på Holsdagsmarknaden i 2016, informerte om selskapet og selde bøker, CD og hefter. Ein fin tradisjon, dette.

Foredrag 2016

Eva Almhjell har helde foredrag om Anne J. Sletto i Vestfold og Hol, i alt fem godt besøkte arrangement.

Boksal

Det er selt om lag 50 bøker, CD og hefter i 2016.

OLAV SLETTODAGEN 2016 – ei vellukka nyskaping

Som nemnt er det i år 130 år sidan Olav Sletto vart fødd, og selskapet lanserte nyskapinga OLAV SLETTODAGEN. Den fann stad på Geilo laurdag 15. oktober 2016. **Helge Hognestad**, prest, sosiolog og forfattar, snakka om Olav Sletto sett i lys av vår tids åndelegheit. Han sa at Olav Sletto var framma si tid kva gjeld røynsler og

innsikt i åndelegheit både på individ- og samfunnsnivå, og meinte Slettos tid no var komen. **Eva-Charlotte Mørk** var ei ung stemme med mastergrad på Olav Slettos LOKE-bøker, som ho har lese som fantasy-litteratur. Ho tok dei ca. 30 deltakarane med på Lokes forrykande ferd mot det Sletto kalla Allfader. Ei kronglete reise for den som let seg styre av makthunger! **Eva Almhjell** har lese Olver-bøkene og ga smakebitar på unge Olvers ferd til Kristiania (Oslo) og København, og kvinner han møtte då. Var han berre tidtrøyte for rike, urbane kvinner, eller...? Ein artikkel om temaet er med i Olav Sletto-selskapets Årshefte 2017. Hol kommune støtta Sletto-dagen med kr. 9000, og kr. 5000 kom frå SpareBankstiftelsen Hallingdal. Dette, saman med positive attendemeldingar frå deltakarane, gir styret mot til å arrangere ein ny OLAV SLETTTO-DAGEN 2017.



Helge Hognestad (i raud genser på denne sida av bordet) i ivrig samtale med deltakarar på Olav Sletto-dagen 2016.



Eva-Charlotte Mørk talar om Loke-bøkene som fantasy-litteratur.

Gaver

Olav Sletto-selskapet har fått fire av dei fem bøkene om ”Soga um Røgnaldfolket” i gave frå Voss vidaregåande skule, der dei rydda i arkivet sitt. Eva-Cecilie Sletto har gitt fire puter som mor hennar, Eva Sletto, og mormor, Karin Sletto, har vove. Gavene ligg i Olav Sletto-rommet på biblioteket i Holet.

Boka ”Per Gjeter”

kom med i den kulturelle skolesekken i Hol i fjar, og våren 2016 vart Olav Sletto også med i den kulturelle skulesekken ved Leveld barneskule.

Olav Sletto i Dølaminne 2016

Eva Almhjells artikkel ”... for kvinnesaks-kvinnene var det berre tidtrøyte, kan De veta! ...”, om unge Olvers møter med kvinner i Olver-bøkene, er i kortform med i Dølaminne 2016.

Bokmesse 2016 på Ål

Som i 2015, var Olav Sletto-selskapet der, også i år, med eigen stand, og leiaren held eit miniforedrag om artikkelen i Dølaminne 2016 (sjå over).

Fortellinga om nissen i Sletto

var med å skapa julestemning for lesarane av Hallingdølen, slik 7-8-åringen Olver såg nissen i skymingstimen fjorde julledag i Sletto. Fortellinga er henta frå Olav Slettos ”Boki um Olver”. Det ligg fleire slike utdrag og ventar på rette høve til publisering seinare.

Årsheftet 2017

Heftet inneholdt foredraga som vart helde under OLAV SLETTTO-DAGEN 2016. Vi presenterer ny forsking, nylesing og eigne lese-opplevelingar – til beste for nyfikne og interesserte medlemmer - og andre - i Olav Sletto-selskapet. Vi har også med eit døme på korleis vi arbeider med digitaliseringa av Slettoarkivet.

Rekneskap 2016

Økonomien i selskapet er beskjeden god. Bokprosjekta Per Gjetar og boka om Anne J. Sletto skapar enno aktivitet og gir framleis inntekter til selskapet. Vi har også fått støtte frå SpareBankstiftelsen Hallingdal (kr. 5 000 til ”Sletto-dagen 2016”) og Hol kommune (kr. 9 000 til ”Sletto-dagen 2016” og kr. 5 000 til minnetavl i Sletto), støtte vi er svært takksame for. Medlems-pengane er likevel grunnstammen og svært viktig for selskapets handlingsrom. Vi fekk tre nye medlemmer i 2016, mens eit par meldte seg ut og fire fall frå. Styret takkar alle medlemmer for trufast støtte, og Slettos etterkomrarar for godt samarbeid i året som gjekk.

Prosjekt ”Digitalisering av Olav Sletto-arkivet”

Før året rann ut, var vi i gang med å skrive av, skanne og lagre dokument frå Sletto-arkivet. Vi starta med talene. Arbeidskrevjande, interessant og lærerikt! Dette er i samsvar med avtala mellom Hol kommune og Olav Sletto-selskapet. Takk til Hol kommune som hjelpte oss med fleksible, praktiske løysingar for arbeidet.

www.olav.slettoselskapet.no

Leiaren er nettansvarleg. Margarethe L'orange er nettredaktør. Målet er å publisere ei nyhende kvar månad. Frå 1.1.2016 - 31.12.2016 er det publisert 21 artiklar. Tiltak for å gjera heimesida meir synleg på nettet er sett i gang.

Alle bilder: Margarethe L'orange.

Hol, 21. april 2016

Eva Almhjell (s)

Grethe L Rudningen (s)

Odd Oleivsgard (s)

Margarete L'orange (s)

Maria Søndrål (s)

Signert 21. april 2017